

## Referat Soknerådsmøte 17.06.20

Ord for kvelden: Tore Myklebust

Desse møtte: Tore Myklebust , Audhild Bogstad, Ove-Bjørnar Høylo , Jan Arve Søvde, Venke Kollbotn, Venke Raad Larsen, Ragnhild Olina Solbakk Flølo

Audun Mundal

### Sakliste

#### **Sak 9/20**

*I anledninga saka som Venke Raad Larsen vil ta opp ang dugnad på kyrkjegarden. (tette holer og jamne ut.)*

Venke Raad Larsen tar ansvar for framtidig dugnad på gravplassen. Det blir påfylling av jord og ny grusveg mellom gravene. Dugnaden blir kanskje i midten av August.

#### **Sak 10/20**

*Jan Arve har ei sak om bl.a graver over 60 år og arbeidet rundt det.*

I fellesrådet er det snakk om sletting av gamle graver. Ein skal gå igjennom og sjå kva graver som skal fjernast, brev er send ut til festarane.

Det har vore diskutert om ein skal tilsette ein kyrkjeseekretær. Breim sokneråd vil vite kva behovet er for denne stillinga.

### YMSE

- Det er blitt ny leverandør på dei nye kyrkjestolane, Dei har dyrare pris og er ein anna type enn dei stolane som no står i kyrkja.
- Breim sokneråd gir 350 kr og eit kort i gåve til Ingeborg Isane Fure i samband med vikselse.
- Det blei diskutert om ein skal dekke utgifter for frivillige i kyrkjearbeid. Dette blir tatt opp i fellesrådet.

### Neste møte

**2. september kl. 19:30**